



Klar til skulestart

Plan for overgang barnehage – skule



Kvinnherad
kommune

Ephorte 2015/2186

KLAR TIL SKULESTART – Plan for overgang barnehage - skule

INNHALD

Innleiing	Side 2
Sentrale føringar	Side 3
Årshjul for samarbeid barnehage – skule	Side 4
Barnehagebarn og skulekamerat	Side 5
Elev i 1.klasse	Side 6
Barn med særlege behov	Side 7
Barn med minoritetsspråkleg bakgrunn	Side 8
Samarbeid med heimen	Side 10
Skjema A: Løyve frå føresette til overføring av informasjon mellom barnehage og skule	Side 11
Skjema B: Informasjon om barnet	Side 12
Kjelder – ressursar	Side 14

Klar til skulestart: utarbeidd juni 2012/revidert for 2.gong august 2015

Bilde på framsida: frå Undarheim barnehaae

Innleiing

Første skuledag er ein merkedag som barn og foreldre ser fram til med store forventningar.

Barnehagen er det første steget i utdanningsløpet. Det vert ikkje sett strek frå den eine dagen til den andre. Barna skal oppleva at det er samanheng og utvikling frå siste året i barnehage til første året på skulen.

Både barnehage og skule har ansvar for omsorg, oppseding, leik og læring. Barna vil møte både kjent og ukjent når dei byrjar på skulen. Skulen må byggja vidare på kunnskarar og erfaringar frå barnehagen. Tilsette skal i fellesskap leggja til rette for at barnet møter skulen med tryggleik og tru på eigne føresetnader.

Føremålet med planen «Klar til skulestart» er tredelt:

- gje det enkelte barnet ein god overgang frå barnehage til skule
- reiskap for tilsette og foreldre i både barnehage og skule for å få dette til
- oversikt over oppgåver/ansvar

Vi har ei målsetjing om at alle barn og føresette skal sjå attende på gode og innhaldsrike barnehagedagar, og at barnet er «klar til skulestart» den første skuledagen.

FRÅ BARNEHAGE TIL SKULE

Eg har fått sagt «hada» til barnehagen på god måte

Eg har fått med meg gode røymsler frå barnehagen

Eg gler meg til å gå på skulen

Eg føler meg trygg på skulen



Foto: Undarheim barnehage

Sentrale føringar

Kunnskapsdepartementet har utarbeidd rettleiaren [Frå eldst til yngst - frå barnehage til skule](#). Føremålet er å styrkja samanhengen mellom barnehage og skule og skapa ein god overgang for barn når dei byrjar på skulen. Samarbeid er stikkord.

Barnehage og skule har ulike mandat og ulike læringskulturar. Samstundes ser ein at innhaldet i planar i barnehage og skule har nærma seg dei siste åra. *Livslang læring* er eit kjent omgrep i det pedagogisk feltet.

Rammeplan for barnehagen og prinsipp for opplæring i skulen (Læringsplakaten) slår fast at både barnehage og skule har eit ansvar for å leggja til rette for eit samarbeid mellom dei to institusjonane. Eit samarbeid til beste for barnet!

Rammeplan for barnehagen kap. 5.1 Samarbeid

Barnehagen skal, i samarbeid med skulen, leggja til rette for overgangen frå barnehage til første klasse og eventuelt skulefritidsordning. Dette skal skje i nært samarbeid med heimen. Planane for overgangen frå barnehage til skule skal vera nedfelte i årsplanen til barnehagen.

Læringsplakaten:

Godt og systematisk samarbeid mellom barnehage og barnetrinn, barnetrinn og ungdomstrinn, ungdomstrinn og vidaregåande opplæring skal medverke til å lette overgangen mellom dei ulike stega i opplæringsløpet.

Rettleiaren «Frå eldst til yngst» tilrår:

- Barnehagetida blir avslutta på ein god måte, og at skulen/skulefritidsordninga er førebudde på å ta imot barnet
- Barnet blir kjend med skulen i god tid før første skuledag
- Det er samanheng og progresjon i læringsinnhaldet i barnehage og skule
- Foreldre godkjenner og medverkar til overføring av informasjon frå barnehage til skule
- Lærarar i barnehage og skule har felles møteplassar for å avklara forventningar, for kompetanseutvikling og felles planlegging
- Kommunen tek initiativ, planlegg, kontrollerer og følgjer opp samarbeidstiltak, og at slike tiltak er synlege i kommunale mål og planar.
Desse planane bør inkludera både private og kommunale barnehagar og skular
- Barnehageeigar og skuleeigar har det overordna ansvaret for å leggja til rette for samarbeid

Årshjul samarbeid barnehage – skule

Årshjul synleggjer tiltak, rutinar og ansvar. Dette er minstepraksis, og det gjeld heile kommunen. I planlegging av aktivitetar er det viktig å tenkja at barn har rett til medverknad. Rektor og styrar skal involvera aktuelle tilsette i arbeidet.

- [Barn med særlege behov](#), jf. rutinar s.7
- [Barn med minoritetsspråkleg bakgrunn](#), jf. rutinar s.8.

TID	AKTIVITET - TILTAK	ANSVAR
August	Oppstart av skulekameratgruppa	Styrar
	Årsplan for samarbeid barnehage-skule ✚ tiltak – ansvarsfordeling	Ansvar: ped. leiar Deltak: ped.leiar og lærar
September	Informasjon til foreldra til skulekameratane ✚ vektlegging i arbeidet ✚ plan for siste år i barnehagen	Styrar
	Fadderordning ✚ skulebesøk ✚ vera med på aktivitetar	Lærar
	Budsjettarbeid : ✚ behov for ekstra ressursar neste år?	Rektor
Oktober	Felles aktivitet	Jf. årsplan for samarbeid
November	Felles aktivitet	Jf. årsplan for samarbeid

Vårhalvår:		
✚ Skulekameratane: jamleg besøk på skulen/SFO		
✚ Felles aktivitetar kvar månad. Barnehage – skule vekslar om planlegging/ansvar		
Januar	Drøfting barnehage – skule ✚ evaluering av samarbeid ✚ avtala: – innskriving – førskuledagar – tid for overføringssamtale	Rektor
Mars/april	Innskriving	Rektor
	Foreldremøte med komande 1.klasseforeldre	Rektor
April	1.klasselærar hospiterer i barnehage	Rektor gjer avtale
Mai/juni	Førskuledagar	Rektor
	Overføringssamtale barnehage – skule ✚ nytta skjema A og B	Styrar Deltak: foreldre – barnehage – skule
	Evaluering av lokalt samarbeid	Styrar Deltak: barnehage og skule
Juni	Overføring av elevmapper frå barnehage til skule. Beskjed til arkiv og rektor	Styrar
	Evaluering av «Klar til skulestart»	Rådgjevarar barnehage og skule

Barnehagebarn og skulekamerat

Barnehage er ein fase i livet der ein gjer barnet rusta til neste fase, dvs. skulestart. Sentralt stikkord er meistring.

Det er viktig at tilsette og foreldre snakkar positivt og konkret om alt det praktiske rundt oppstart i skule og på SFO.

I overgang mellom barnehage og skule skal det vera sams forståing om kva som skal vektleggjast. Det kan vera nesten eit år i skilnad på skulekameratane, og det vil vera stor skilnad i kor modne dei er. Dette skal barnehagen ta omsyn til i arbeidet med førebuande skulestart.

SKULEKAMERATANE ØVER PÅ ...	
Sjølvstende	<ul style="list-style-type: none">✓ presentera seg med namn og kor ein bur✓ kle på og av seg sjølv, både kle og sko✓ passa på tinga sine – rydda i eigne saker✓ eta sjølv – handtera bestikk✓ handvask/hygiene og kunna gå på do sjølv
Sosial kompetanse	<ul style="list-style-type: none">✓ ta og halda kontakt med andre på ein positiv måte✓ kunna utsetja eigne behov – venta på tur✓ uttrykkja kjensler og hevda eigne synspunkt på god måte✓ ta omsyn og visa omsorg✓ læra/retta seg etter leikereglar/-kodar✓ takla konflikhtar
Konsentrasjon	<ul style="list-style-type: none">✓ ta imot kollektive beskjedar✓ omsetja beskjedar til handling✓ kunna sitja i ro ei viss tid✓ starta – gjennomføra – avslutta ei oppgåve
Språk	<ul style="list-style-type: none">✓ godt munnleg språk✓ fortelja/gjera seg forstått med ord✓ leika med ord: rim, regler, rytme, orddeling....✓ lytta til og gjenfortelja frå høgtlesing✓ omgrep: først/sist – oppe/nede – over/under✓ bokstavar
Førebuande skriving	<ul style="list-style-type: none">✓ halda blyanten rett✓ rett skrive- og leseretning✓ skriva namnet sitt
Tal – rom – form	<ul style="list-style-type: none">✓ talomgrep 1 – 10 – – første, andre, tredje ...✓ tidsomgrep: i dag – i går – før/etterpå✓ form: størst/minst – sirkel/kvadrat/trekant....✓ fargar✓ orientera seg i retning

Elev i 1.klasse

Barna skal kjenna tryggleik når dei byrjar på skulen. Eleven skal oppleve samanheng og utvikling frå det siste året i barnehagen til det første året i skulen.

Å vera yngst og ny i skulen inneber at ein....	<ul style="list-style-type: none"> ✓ vert møtt og sett av dei vaksne kvar dag ✓ får tildelt ein fadder ✓ får tid til å bli kjent med rutinar ✓ får rettleiing i arbeidet ✓ får tid til leik inne og ute
Sosial kompetanse Elevane øver på å	<ul style="list-style-type: none"> ✓ ta kontakt med andre på ein positiv måte ✓ vera del av eit fellesskap ✓ ta omsyn og syna omsorg ✓ samhandla med andre ✓ læra seg å handtera kjensler ✓ hevda eigne synspunkt og å akseptera andre sine ✓ opptre for publikum og sjølve vera publikum
Konsentrasjon Elevane øver på å	<ul style="list-style-type: none"> ✓ ta imot beskjed ✓ sitja i ro ei viss tid ✓ starta – gjennomføra – avslutta ei oppgåve ✓ venta på tur ✓ kunna regelleikar ✓ godta uskrivne reglar i leik ✓ kunna lytta til og visa interesse for det andre fortel
Språk og kommunikasjon Elevane får auka kompetanse ved å....	<ul style="list-style-type: none"> ✓ uttrykkja seg munnleg ✓ arbeida med rim, regler og rytme ✓ bruka tid på å lytta til lydar: først, sist og midt i ord ✓ arbeida med stavingar i orda ✓ læra lydane i alfabetet ✓ bli visulet stimulert av skrift i omgjevnadene ✓ øva/gradvis ta skriftspråket i bruk og læra å lesa
Tal, rom og form Elevane skal....	<ul style="list-style-type: none"> ✓ arbeida med dagar, månader og årstider ✓ kunna sitt fulle namn ✓ vita når fødselsdagen er ✓ kunna adressa si ✓ arbeida vidare med former (rektangel, kule, kjegle....) ✓ arbeida med tal og mengder, og etter kvart addera og subtrahera

Barn med særlege behov

Skriftleg dokumentasjon om enkeltbarn må overførast når det er sett i gang særskilde tiltak i barnehagen, eller når ein ser at det vil vera naudsynt å leggja skulekvardagen til rette for å stetta behova til barnet.

Det er avgjerande at skule/SFO får informasjonen så tidleg som mogleg, slik at tilrettelegginga kan planleggjast i lag med alle involverte.

Utfyllande informasjon i *Handbok for spesialpedagogisk hjelp og styrkingstiltak*.

[Barn med minoritetsspråkleg bakgrunn](#): sjå side 8.

NÅR	KVA	ANSVAR
	Rådmannen får melding om barn med svært store hjelpebehov minimum 2 år før skulestart	Styrrar
	Ansvar for elevmapper i private barnehagar og skule	Rådgjevarar kommunenivå
	Skulen deltek på ansvarsgruppemøte siste år før skulestart	Styrrar
Innan 1.mars	<p>Overgangsmøte mellom barnehage og skule for å avklara:</p> <ul style="list-style-type: none"> – barnet sine styrker og vanskar, jf. IOP – målval – behov for tilrettelegging, ev. organisering – skriftleg dokumentasjon som skal følgja barnet over til skulen <p><u>Deltakarar:</u> Foreldre, representantar frå barnehage og skule</p>	Styrrar
	<p>Elevar med spesielle utfordringar må sikrast god oppfølging i starten av skuleåret.</p> <p>Foreldre og skule vurderer om eleven har behov for ekstra tilrettelegging i samband med skulestart</p>	Rektor
Mars/april	<p>Innskriving på skulen.</p> <p>Rektor, ev. lærar, har individuelle samtalar med føresette ved behov</p>	Rektor
Innan 15.juni	<p>Årsrapport frå barnehage: klargjering av barnets styrker og behov. Dette er grunnlag for skulen sitt arbeid med IOP.</p> <p>Informasjon til skule</p>	Styrrar
	<p>Overføring av elevmapper frå barnehage til skule.</p> <p>Beskjed til arkiv og rektor</p>	
	<p>Overføring av elevmapper – private barnehagar og skule</p> <p>Beskjed til arkiv/informasjon til rektor</p>	Rådgjevarar kommunenivå
Innan 15.oktober	<p>Skulen bed PPT om sakkunnig vurdering (utgreiing og tilråding) dersom spesialundervisning skal vurderast</p>	Rektor
	<p>Skulen gjer vedtak om spesialundervisning.</p> <p>Skulen utarbeider IOP dersom eleven skal ha spesialundervisning</p>	

Barn med minoritetsspråkleg bakgrunn

For barn med minoritetsspråkleg bakgrunn kan skulestart by på særlege utfordringar. Det kan vera trong for ekstra støtte og rettleiing både for barn og foreldre. Nokre barn vil ha behov for spesiell tilrettelegging når det gjeld språk.

Tolketeneste kan vera til god nytte i overgang barnehage – skule.

Barnehagen skal ta ei språkkartlegging, t.d. ved bruk av TRAS. Informasjon frå observasjonar skal fyllast inn i [skjema B](#) og skjemaet som gjeld barn med fleirspråkleg bakgrunn.

Skulen kartlegg elevane i 1.klasse, og ev. gjer vedtak om særskild språkopplæring, jf. opplæringslova § 2-8.

Utfyllande informasjon i *Plan for minoritetsspråklege barn i barnehagen*.

BARNEHAGE.....

Namn barn	Født	Kjønn
Nasjonalitet	Tal år i Norge	Tal år i barnehage
Mor:	Far:	
Språket til mor	Språket til far	
Skulegang/yrke frå heimlandet	Skulegang/yrke frå heimlandet	
Kva språk brukar foreldra i samtale med barnet?		
Kva språk brukar barnet i samtale med foreldra?		
Har barnet søsken eller andre som kan snakka norsk?		
Om barnet – informasjon ut frå observasjonar/kartlegging		
Norskkunnskap		
Veremåte, jf. skjema B		

Foreldrevurdering av barnet sitt språk							
1.språk (barnet sitt morsmål)				2.språk (norsk)			
Flytande	Godt	Litt	Ingenting	Flytande	Godt	Litt	Ingenting
Kommentar:				Kommentar:			
Det vert tilrådd tolk ved samtale med foreldra (set kryss) <input type="checkbox"/> ja <input type="checkbox"/> nei							
Andre opplysningar							
Foreldre godkjenner at informasjon vert overført frå barnehage til skule							
Dato		Underskrift føresette					
Dato		Underskrift ped.leiar					
Dato		Underskrift styrar					

Samarbeid med heimen

Barnehagen skal

- + gje foreldre informasjon om opplegg dei har med skulekameratane
- + gje foreldre informasjon om kva som er særleg viktig det siste året før skulestart. Det gjeld m.a. gode rutinar og trening på sjølvstende. Kan heim og skule/barnehage «dra lasset i same retning», vil dette styrkja barna til skulestart
- + innhenta skriftleg løyve til overføring av informasjon mellom barnehage og skule, jf. [skjema A](#). Barnehagen skal i samarbeid med foreldre fylla ut [skjema B](#)

Barnehage og skule

- + må ha ein god dialog med foreldre om samanheng og overgang frå barnehage til skule. Trygge og nøgde foreldre «smittar» over på barnet
- + skal ha overføringssamtale i mai/juni. Målet med samtalen er at skulen skal bli litt kjent med barnet som skal byrja i 1.klasse. Foreldre vert inviterte til å delta på samtalen

Fleispråkleg bakgrunn

For foreldre som ikkje har røynsle med norsk skule, kan det vera ekstra viktig med god informasjon om overgang frå barnehage til skule.

Eit godt samarbeid, helst før barnet byrjar på skulen, kan bidra til at overgangen vert god både for barn og foreldre.

Ta gjerne i bruk www.tolke-tjenesten.no

Nyttig informasjon:

[Samarbeid og sammenheng mellom barnehage og skole for barn med flerspråklig bakgrunn](#)

Vi har lykkast når barnehage og skule har eit system som sikrar ein god overgang for alle barn, slik at dei og foreldra føler seg trygge og ivaretekne i den nye skulekvardagen.

fub/fug

[innholdsliste](#)

Løyve til overføring av informasjon mellom barnehage og skule

I følgje Lov om barnehager skal barnehagen ha samarbeid med skulen. Samarbeidet er naudsynt for å skapa kontinuitet i oppveksten til barna.

1.klasse er eit framhald av arbeidet som barnehagen har hatt med og for barna. Det skal vera samanheng mellom verdiar og haldningar som vert formidla.

Tilsette i barnehagen har god kjennskap til barna og deira behov på ulike område. Det er viktig at denne kunnskapen vert ført vidare til den skulen barna skal gå på.

Tilsette i barnehagen har teieplikt. Foreldre/føresette må gje løyve for at barnehagen skal kunna gje informasjon vidare til skulen.

I tillegg til personalopplysningar vil det vera informasjon om:

- + Familietilhøve og nettverk
- + Vennskap/samvær med andre barn
- + Interesser
- + Åtferd
- + Tryggleik
- + Sjølvstende
- + Språk
- + Sterke sider
- + Særskilde behov – tilrettelegging

Merknader :

- Eg/vi samtykkjer i at barnehagen kan formidla informasjon om barnet til skulen
- Eg/vi vil delta på overføringssamtale mellom barnehage og skule

Dato:.....

.....

underskrift føresette

Frå barnehage til skule - informasjon om barnet

Bilde barn

PERSONOPPLYSNINGAR		
Namn barn		
Fødselsdato		
Foreldre/føresette		
Søsken		
Adresse		
Telefon		
Anna		
BARN MED SÆRLEGE BEHOV	Barn med IOP <input type="checkbox"/>	
	Minoritetsspråkleg barn <input type="checkbox"/>	
	Barn med særlege behov utan IOP (t.d. hjelpemiddel/sjukdom) <input type="checkbox"/>	
Kort om kva det gjeld		
VEREMÅTE		
	Aldersadekvat (set kryss)	Utfyllande informasjon
Åtferd		
Tryggleik		
Sjølvstende		
Språk		

Kjelder - ressursar

UDIR	Frå eldst til yngst - frå barnehage til skule
	Rammeplan for barnehagen
	Språk i barnehagen – mykje meir enn berre prat
	Språk og språkmiljø - Refleksjonsverktøy for barnehagen
	Språkleg og kulturelt mangfald
	Samarbeid og sammenheng mellom barnehage og skole for barn med fleispråklig bakgrunn
	Leseutvikling - et samarbeidsprosjekt
	Mino - Læremidler for språklige minoriteter
NAFO	Barn i fleispråklege familiar - informasjonshefte
Minoritetsspråklege	<ul style="list-style-type: none">  Tolketeneste  Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDi)
fub - Foreldreutvalget for barnehager fug - Foreldreutvalget for grunnsopplæringen Utdanningsforbundet	Med spent forventning Sjekkliste for ein god barnehageslutt og ein god skulestart
Kvinnherad kommune  barnehage	<ul style="list-style-type: none">  Leik og læring – hand i hand. Kvalitet i kommunale barnehagar 2011/1908  Handbok – spesialpedagogisk hjelp og styrkingstiltak i barnehage 2012/1448  Handbok – minoritetsspråklege barn i barnehage 2011/4159  Beredskapsplan kommunale barnehagar 2012/1569  Handlingsplan mot mobbing Barnehagane i Kvinnherad 2014/2690
Kvinnherad kommune  skule	 Handbok for spesialundervisning 2015/395